



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 30.01.2026
Vår ref: 25/06656-2
Dykkar ref: 202506295-6

Fråsegn til høyring av detaljplan for miljø og landskap for bygging av ny Vinje dam i Vinje kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 11. desember 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter vassdragslovgevinga.

Om saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sender detaljplan for miljø og landskap for bygging av ny Vinje dam i Vinje kommune på høyring. Dagens dam tilfredsstill ikkje krav til damtryggleik, og skal erstattast av ein ny dam på nedstraums side. Dammen er regulert under konsesjonen for Tokke-Vinjevassdraget som ble revidert i 2022.

NVE har bede Statkraft om å greie ut alternative løysingar til det foreslåtte deponiet ved Vinje dam, for å vurdere om deponia kan tilpassast betre, sjå på alternative plasseringar og utformingar, samt transport av overskotsmassar til eksisterande masseuttak. NVE tek stilling til behovet for høyring når dei har motteke utgreinga.

Fråsegn frå DMF

Ifølge Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grus- og pukkdatabse er det registrert ein steintippførekomst¹ i nærleiken av området. I detaljplanen kjem det fram at denne steintippen i hovudsak planleggast å brukast i anna prosjekt, men at det kan vere aktuelt å bruke ca. 1700 m³ frå denne fyllinga til bruk i midlertidig fangdam, og området kan også brukast til mellomlager for massar.

DMF er fornøgd med at bruk av overskotsmassar er trekt fram i detaljplanen. Bruk av overskotsmassar reduserer behovet for deponi. Planen gjer greie for at er det venta eit overskot på anbrakt volum av 37 000 m³ sprengsteinmassar og 10 000 m³ lausmassar.

¹ Tveitodam (NGU):

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visDeponiOmr.php?objid=61618



Dei er planlagd brukt til oppfylling for nye plassar for grunneigarar som ligg innafør anleggsområdet. Det er opplyst om at detaljprosjekteringa kan opne opp for anna allmennyttig bruk. DMF meiner det er fornuftig at det leggst opp til bruk av massane i kort avstand frå anleggsområdet, slik at det ikkje blir lang transportavstand.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Kopi til: